



# TOKKE KOMMUNE

## MØTEBOK

NR	ORGAN	SAK NR	Møtedato
X	Formannskap	07/004	17.01.07
1	Kommunestyret	07/003	06.02.07

Sakshandsamar : Ove Geir Nevestveit  
Arkivsak: 06/01276  
Arkivkode: L12 &30  
Løpenr: 5484/06

### Krav til plankart.

**Saksgang:** Det faste utval for plansaker. Tilråding.  
Kommunestyret. Endeleg vedta.

### Dokument i saka:

- Nr. 1. Krav til plankart ved innsending av planforslag. **Vedlegg.**
- Nr. 2. Forskrift om kart og stadfesta informasjon med veiledande merknadar. **Vedlegg.**
- Nr. 3. Veileidar T 1377, T 1381 og T 1412 .
- Nr. 4. Ord, uttrykk, forkortingar frå veileidar T1412. **Vedlegg.**

### Saksopplysningar:

Visar til vedlagde "krav til plankart m.m" som er heimla i forskrifta til plan og bygningslova §5. Ynskjer primært at planforslaget vert levert på SOSI- format i tråd med veilederen frå Miljøverndepartementet T-1412.

Plankartet skal utarbeidast etter Miljøverndepartementet sin veileidar T-1381. Elles visar me til veilederen for teknisk forskrift T-1377.

Planar som vert levert digitalt er vektordata levert på SOSI, DXF, QAF, og KOF-filer. Planar levert på rasterdata, bilde filer vert levert eksempelvis på TIF, JPG og PDF- filer.

Referar frå kap.3.1 "Kvifor digitale data."

*Miljøverndepartementet anbefaler kommunene å gå over til digital kartforvaltning, og at kommunenes kartverk forvaltes i samarbeid mellom kommunene, Statens kartverk og andre større geodatabrukere, fortrinnsvis basert på Geovekstavtalen.*

*Analog framstilling av plankart skjer på grunnlag av manus for de enkelte arealbrukskategoriene (kommuneplan) og reguleringsformålene (reguleringsplan). Hensikten er å lage trykkeplater for de enkelte fargene m.v. som planen skal inneholde. Det er plankartet som er det primære. Ved digital framstilling av planene blir planene lagt opp som databaser.*

*Plandatabasen, egenskapsdatabasen og kartdatabasen (grunnkartet) kobles til hverandre.*

*Derved oppnås digitalteknikkens gevinster til både å effektivisere utarbeidelsen av planene, å gi planene en større anvendelse, å koble data mot hverandre mv.*

*Selve plankartet er nå redusert til en utskrift / plott frå databasen, eventuelt med påfølgende trykk. (Det er likevel det originale, og fortsatt analoge, plankartet som er det offisielle og som rettsvirkningene er knyttet til).*

*Digitale plandata er spesielt nyttige for å effektivisere den kommunale saksbehandlingen knyttet til:*

- byggesaker, plansaker og delingsaker
- betjeningen av eiendomsmeglere

*Andre fordeler med digital plandata:*

- Ved senere rullering av planen er det ikkje nødvendig med en komplett nykonstruksjon, men kun endringer av tidlige datagrunnlag.
- Det kan tas utsnitt av planen, til vidare bearbeiding.
- Planen kan legges ut på Internett, slik at mange kan se den.
- Flere planer kan sammenstilles, slik at planene kan ses i sammenheng, f. eks. innen kommunen, over kommunegrensar eller alle kommunene i et fylke.
- Det kan knyttes egenskaper til enkeltelementer i planene. Derved kan egenskapene vises direkte på plankartet. Veileder digitale planer Side 29 av 127
- De enkelte tema i planen kan legges på hver sine lag. Derved kan lagene vises eller ikkje vises etter behov.

Elles visast det til forskrifta om kart- og stadfesta informasjon i plan- og byggesakshandsaminga. **Sjå vedlegg.**

### **Vurderingar:**

Tokke kommune bør ha eit effektivt og oppdatert plansystem. Arealdelen til kommuneplanen har mange utbyggingsområde som krev reguleringsplan. Me ventar ein auke av plansakar. Då bør me ha eit etablert GIS- system og ein ryddig planbase. Me bør få betre rutinar på rettleiing i oppstartfasen, -stille krav til samordning og kvalitetssikring av planen tidleg i prosessen.

I år har me passert 70 delingssaker,- dei fleste ligg i regulera område. Signala me får inn er at det vil auke,- fleire planar skal handsamast og godkjennast. Skal me kunne handtere dei utfordringane som kjem må me byggje opp ein ryddig planbase. Då er det viktig at me stiller krav til leverandøren/ planleggjaren. Dei fleste planane me har i dag er digitale, unnataket er dei analoge planane me får inn til offentleg ettersyn. Planen bør publiserast raskt og leggjast ut på "heimesida" til Tokke kommune. Planar me får digitalt til offentleg ettersyn kan me handtere fleksibelt og ta ut den informasjonen me ynskjer. Får me planen på ei bildefil er me "låste fast" i den konkrete fila. Det har vist seg at presentasjonen på bildefilene, spesielt på farge og skravur ikkje er i tråd med veileidar T-1381. Etter at planen er ferdighandsama kunne me vurdert å skanna siste reviderte plankart i tråd med vedtak. Arbeid med plandelen på "heimesida" bør prioriterast.

Dei analoge planane som er godkjende har me digitalisert sjøve eller leigd ekstern hjelp. Det tek tid og er ressurskrevjande å få digitalisert alle planane. Men me får også inn plankart med "spaghettidata". Det er mest like ressurskrevjande å rette opp ufullstendig levering. Planar me krev å få inn digitalt, enten på SOSI- format eller DXF- format må kvalitetssikrast etter veileidaren T-1412 og til vedlagde kravspesifikasjon som er ein revidert mal. Ufullstendige planframlegg bør sendast i retur for oppretting.

Eit tilleggsgebyr kan bereknast etter medgått tid jfr.pkt.10 del 8 i regulativet. Timesatsen kan då bereknast etter 0.12% av brutto årslønn. Tidsforbruket for digitalisering og tilrettelegging av ein enkel hytteplan kan me anslå til eit dagsverk d.v.s kr.5000,- inkl. moms. Det vil bli moms då me utfører ein teneste.

I sist plansak, planen til Mytting f.sak.06/118 blei eit eventuelt tilleggsgebyr vurdert til kr.10 000,-. Prisen blei vurdert ut frå kva me må betale for tenesten frå ekstern konsulent. Planområdet var på 150 da. med 10 tomter som kan definerast som ein enkel hytteplan. Regulativet i dag visar eit plangebyr på kr.6696,- utan moms for handsaming av planen. Gebyret er definert ut frå ei myndighetsoppgåve. Me vil rå til at pkt.10 del 8 i gebyrregulativet vert nytta for handsaming av plan- og delingssaker ved ufullstendig levering av plankart.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak for Formannskapet:**

I medhald av plan og bygningslova §5 vedtek tokke kommune at regulerings- og bebyggelsesplanar som vert levert digitalt skal konstruerast og leverast på digital form i tråd med framlegg til kravspesifikasjon datert 24.11.2006, forskrifta og veiledaren T-1412, - gjeldande frå 01.03.2007.

Planar som ikkje vert levert etter kravspesifikasjonen, forskrifta og T-1412 vil få eit tilleggsgebyr i tråd med pkt.10 del 8 i gebyrregulativet for saker etter plan- og bygningslova som blei vedteke i k.sak 03/009.

**Frå handsaminga i Formannskap - 17.01.2007:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak i Formannskap - 17.01.2007:**

I medhald av plan og bygningslova §5 vedtek tokke kommune at regulerings- og bebyggelsesplanar som vert levert digitalt skal konstruerast og leverast på digital form i tråd med framlegg til kravspesifikasjon datert 24.11.2006, forskrifta og veiledaren T-1412, - gjeldande frå 01.03.2007.

Planar som ikkje vert levert etter kravspesifikasjonen, forskrifta og T-1412 vil få eit tilleggsgebyr i tråd med pkt.10 del 8 i gebyrregulativet for saker etter plan- og bygningslova som blei vedteke i k.sak 03/009.

**Frå handsaminga i Kommunestyret - 06.02.2007:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak i Kommunestyret - 06.02.2007:**

I medhald av plan og bygningslova §5 vedtek tokke kommune at regulerings- og bebyggelsesplanar som vert levert digitalt skal konstruerast og leverast på digital form i tråd med framlegg til kravspesifikasjon datert 24.11.2006, forskrifta og veiledaren T-1412, - gjeldande frå 01.03.2007.

Planar som ikkje vert levert etter kravspesifikasjonen, forskrifta og T-1412 vil få eit tilleggsgebyr i tråd med pkt.10 del 8 i gebyrregulativet for saker etter plan- og bygningslova som blei vedteke i k.sak 03/009.

**Utskrift sendt:** Teknisk etat.